

Månadsplan for november på Springar

2 Gruppe på Mellomrommet	3 Kropp og hopp Superheltgruppe	4 Vi smakar på noko	5 TURDAG 	6 Leikegrupper
9 Gruppe på Mellomrommet	10 Kropp og hopp Superheltgruppe	11	12 TURDAG LYSLØYPE frå kl17	13 Leikegrupper
16 Gruppe på Mellomrommet	17 Kropp og hopp Lars Abraham 4 år	18 Vi smakar på noko	19 TURDAG 	20 Leikegrupper
23 Gruppe på Mellomrommet	24 Kropp og hopp Superhelt gruppe	25	26 TURDAG 	27 Leikegrupper
30 Gruppe på Mellomrommet				

Ein skapande musisk møteplass

Songar i november:

Tenn eit lys
Sjå vi tenner haustlys no
Hei Nana
Så fint at du kom

Regle/dans

5 små apekatter
Che che kolay
Sjimpansedansen

Forteljing/eventyr:

Forut forteljingar
Løven og musa

I oktober reiste vi til Sierra Leone i Afrika. Vi brukte saks, papp, tusj og limstift for å gjere oss klare til den spennande flyturen. Barna hadde på førehand laga pass og billetter, og berre det var ein prosess i seg sjølv. *Kva bokstavar er det i mitt namn, kva er etternamnet mitt?* Nokon har langt namn og fleire namn, mens andre har korte. Hittil har vi opplevd Sierra Leone gjennom fargar, lukt, dramatisering, smakar, dans, song og musikk, og vi vil fortsette å vere i Sierra Leone fram mot LYSLØYPA 12 november. Gjennom FORUT sin barneaksjon har vi år igjen møtt jenta Nanah (5) som bur i landsbyen Kareneh i Sierra Leone. Ved å jobbe med FORUT sin barneaksjon blir vi kjent med andre kulturar og dagleglivet til barn i andre land. Vi ynskjer å skape nysgjerrigheit, bygge toleranse, engasjement, omsorg og empati overfor ei mangfaldig verd, dette arbeidet følg oss gjennom dagen. Barna er nysgjerrige, undrande og er gode på å spørje undervegs, og dette er det mykje læring i.

Det er elles mykje kjekk rolleleik som foregår på Springar for tida, med mange ulike dyrefamiliar som nødvendigvis ikkje bur i jungelen, men «heime i huset» sitt eller i lavvoen, og av og til er vi jegerar som jaktar på hjort, og faktisk så kan det vere ein butikk i skogen som ein kan få kjøpe seg noko i dersom vi blir svoltne. Vi vaksne er opptekne av å vere i leiken saman med barna, nære i samspelet, hjelpe og støtte når det trengs. Av og til er det behov for støtte til å klare å inkludere kvarandre og ta omsyn til kvarandre i leiken, og for oss er det spennande å få vere med på alle dei gode innspela og fantasien barna kjem med.

Elles vil vi minne alle på at det byrjar å bli kaldt ute, og at det derfor er viktig at alle går over hyllene i garderoben for å sjå om barna har nok og passande kle/utekle. Ull og fleece er godt og ha no, og vi treng vottar, gode og varme sko og vinterdress. Hugs å pass på at barna dykkar har skiftekle i korga, vi ynskjer at barna skal vere glad i å vere ute i alt slags vær. Gode kle er eit viktig moment i korleis barna dykkar vil ha det ute.

Helsing Madelin, Ronny, Annlaug, Anikken og Sunniva